

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
MELDING

**SOS**  
CHAT

**SOS**  
kirkens-sos.no

Hordaland fylkeskommune  
v/ fylkesordføreren  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Bergen 22.3.2018

### **SØKNAD OM DRIFTSSTØNAD FOR 2019**

#### **Takk for kr 150.000,- i driftsstønad for 2018!**

Kirkens SOS i Bjørgvin er eit døgnope, sjølvmoedsførebyggjande tilbod til alle innbyggjarane i Hordaland og Sogn og Fjordane. Med 100 frivillige og 4,1 tilsette leverer vi tenester med høg fagleg kvalitet til låge kostnader. Vi har nesten 70 samtaler kvart døgn, heile året. Sjølvmoedstankar er tema i halvparten av chatsamtalene og SOS-meldingane, og i 2.463 av telefonsamtalene i 2017.

Kirkens SOS står for halvparten av all krisetelefonti i Noreg, og er i tillegg store på meldingar og chat via internett. Kirkens SOS i Bjørgvin er eitt av 11 lokale senter i Noreg, og er sjølv ansvarleg for finansiering og drift.

- I 2017 svarte Kirkens SOS i Bjørgvin på 21.508 telefonsamtaler, 2.094 SOS-chat og 1.309 SOS-meldingar.
- Alle ungdoms-, vidaregåande- og folkehøgskular får tilsendt informasjonsmateriell til elevane. Vi underviser også skuleelevar om psykisk helse og den gode samtalen.

Kirkens SOS i Bjørgvin har ingen eigarar som syter for nødvendige driftsmidlar. Vi har ein krevjande økonomi, og er heilt avhengig av lokale bidrag.

**Kirkens SOS i Bjørgvin har brukarar frå alle kommunane i Bjørgvin, og vi veit at tenesta reddar liv. Vi søker derfor Hordaland fylkeskommune om ein driftsstønad for 2019 på kr 180.000,-, som var nivået på driftsstønaden i 2015.**

Med helsing



Greta Gramstad  
Dagleg leiar

Vedlegg: Årsmelding 2017, rekneskap for 2017 samt budsjett for 2018